

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.04.2018**

Roald Stenseide, Frp, stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Bergen og Omland Havnevesen. Stenseide gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Stenseide var habil.

Innstillinga frå utval for miljø og samferdsel vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Handlingsplan cruise for Vestlandsfylka 2018-2020».
2. Planen bør ta inn følgjande punkt under 1. innsatsområde miljø og klima:

Tiltak:

Følgje opp § 2 i Forskrift om fartsbegrensninger i sjø, elv og innsjø, for å sikre at det ikkje ved bølgjeslag eller på annan måte oppstår erosjon på strandlinje.

3. Arbeide for at det vert etablert lade- og landstraum til cruiseskip i regionen.
4. Støtte hamnene sitt arbeid med å sikre betre spreiing av trafikken, ved for eksempel å innføre avgrensing i talet på besøkande/skip per dag. I dette ligg ei heilsakpsvurdering av dei tilreisande inkludert landbasert trafikk.
5. Arbeide for at spreiing av framande arter vert forhindra ved å etablere ein felles politikk for skutevask.